

Lindgren-klassikar i Hjelmeland

Neste helg er ungdomsteateret til Hjelmeland Teater klare med premiere på «Ronja Røverdatter». Det blir premiere nummer fire på Hjelmeland samfunnshus sidan desember.

MAGNAR RIVELAND

magnar@strandbuen.no

Historia om Ronja og Birk som er barn av dei to rivaliserande røvarhovdingane Mattis og Borka, er ei historie om venskap og kjærleik. Ho utspeler seg ein gong i ei ganske fjern fortid, der møte med vesen som villvetter, grådvergar og rompenissar er meir naturleg enn «overnaturleg», som me ville ha kalla det i dag. Om tida og omgjevnadane er spesielle, er temaet i forteljinga stadig like aktuell.

Ronja og Birk er fødte same natta. Den natta slår lynet ned og deler Mattisborge i to. Dei

veks opp på kvar si side av Helvetesgapet, og blir lærte opp til å dyrka fiendebiletet til dei på «den andre sida». Men Ronja og Birk møtest og finn kvarandre. Dei blir vener og flyktar frå den evige familiekrangelen.

Det er som vanleg Laila Øvrehus og Morten Hetland som har regien på framsyninga. I vinter har dei saman sett opp to framsyningar med ungdomsteater, ei framsyning med vaksenteateret og hatt premiere på ein spelefilm. Det er ungdomar i alle roller på scenen og i dei fleste funksjonane på teknikkrommet, i orkestergrava og elles i denne produksjonen.



RONJA OG BIRK: Thea Nising Vatland (til venstre) spelar Ronja, og Sofie Velde-Thoresen har rolla som Birk. (Foto: Morten Hetland)